

Retningslinjer for studentar ved digital munnleg eksamen ved Høgskulen i Volda

Vedtatt 12.mai 2020 av direktør med heimel i Mellombels forskrift om studium og eksamen grunna SARS-CoV-2 (koronavirus)

1. Digital munnleg eksamen skal gjennomførast i det digitale verktøyet som Høgskulen i Volda har valt.
2. Studenten har plikt til og ansvar for å gjere seg kjent med den digitale nettløysinga for den aktuelle eksamenen. Eventuelle installeringar, oppdateringar av operativsystem og nettlesar på pc skal gjennomførast før eksamen, for ikkje å forstyrre planlagt gjennomføring av munnleg eksamen (sjå brukarretteiing).
3. Berekn god tid til eksamen. Ver klar seinast 15 minutt før oppsett eksamenstid. Merk at det kan skje forseinking som kan føre til utsett oppstart av eksamen.
4. Studenten må ha legitimasjon / gyldig ID tilgjengeleg under eksamineringa.
5. Studenten skal vere aleine i eit rom, og må vere budd på å rotere kameraet og vise rommet, slik at sensorar ser omgjevnadane.
6. Studenten skal vere kopla til eit stabilt internett som gjev tilfredsstillande kvalitet på lyd og bilde. Lyskjelde må vere plassert framfor ansiktet til studenten. Lyden må vere adekvat. Dersom sensorar vurderer at desse kriteria ikkje er stetta, så vert eksamen avbrote.
7. Det er ikkje lov til å gjere lyd og/eller video-opptak under eksamensgjennomføringa.
8. Det er ikkje lov å slå av kamera eller mikrofon under eksamensgjennomføringa.
9. Dersom det oppstår alvorlege og uforutsette tekniske problem under eksamen, må det, i kvart enkelt tilfelle, vurderast om studenten skal få høve til å gjennomføre eksamen på nytt på eit seinare tidspunkt. Viss det neste forsøket på å gjennomføre eksamen også må avbrytast, vil status for studenten registrerast som «Ikkje møtt til eksamen», dersom det er rimeleg å tru at dei tekniske utfordringane ligg hjå studenten. Dersom tekniske utfordringar hjå sensorar fører til vanskar med gjennomføringa av eksamen, får studenten nytt eksamensforsøk.
10. Når karakter er meddelt studenten, må eventuelt krav om grunngjeving fremjast umiddelbart til faglærer/sensor.